

# 1 **Er skuledebattar og skuleval ein demokratiopplæringsarena?**

2 Skulevalkampen og skulevalet har vore gjennomført i Norge gjennom mange år. Tusenvis av  
3 norske vidaregåande elevar har hatt sitt fyrste møte med partipolitikk i dei mange gymsalar  
4 og auditorium i det ganske land. I eit demokrati som Norge er det heilt avgjerande med god  
5 demokratiopplæring som tek i vare grunnleggjande demokratiske prinsipp og tradisjonar.

6 I fleire år har debatten rundt skulevalresultata i forkant av dei ordinære stortings- og  
7 lokalvala rast i media og i det politiske miljøet. Samstundes er det og kome fram fleire  
8 uheldige episodar med ugrei oppførsel hos både debattantar og debattarrangørar.

9 Ordsiftet i skuledebattane ber preg av debattantar med tydelege instruksar og strategiar frå  
10 sentralt i organisasjonane. Skuledebattar er og berykta som dei mest krevjande debattane  
11 ein møter i ein politisk karriere. Samstundes er dette fyrste debattane mange  
12 ungdomspolitikarar går.

13 Senterungdommen meiner det er på tide med ei nasjonal evaluering av skuledebattar og  
14 skulevalet. Det må spesielt sjåast på om det er ein god arena for demokratiopplæring.

15 Senterungdommen vil

- 16 - Ha ei nasjonal evaluering av skulevalkampen og skulevalet og vurderer om dette
- 17 oppfyller målet om å vera ein demokratiopplæringsarena
- 18 - Sjå på nye måtar å gjennomføra skulevalkampen, som legg til rette for at alle parti kan
- 19 gjennomføre på lik linje

20 Innsendt av Hordaland Senterungdom